



Arkiv nr:

Sak nr 14/2022

Møtedato: 16.06.2022 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

Ny fjellstyrehytte ved Liseth – i Baklia

Fjellstyret har fått tilbod om ei gamal hytte som står i Vasetlia hyttegrend som bygges ut av Vaset Utbyggingslag AS. Denne må flyttes grunna tomta skal seljast - utan dette bygget.

Det var gjennomført befarung på stedet hausten 2021, men då var det noko uvisst korleis ein skulle transportere ut bygget samt framdrift på utbygging av vegnettet. No er det sannsynleg at vegnettet vert framført sumaren 2022, slik at det vil vere enklare og billigare å løfte ut denne hytta.

I den samanheng er det greitt å få avklart om fjellstyret fortsatt ynskjer denne hytta, og få igangsett prosessen med ny tomt som skal godkjennast hjå Statskog, deretter dispensasjon hjå Vestre Slidre kommune for å føre opp denne hytta på ny tomt.

Det er bekrefta frå Vaset utbyggingsselskap at fjellstyret kan få dette bygget mot flyttekostnader. Det er stipulert flyttekostnader på ca 100 000,-, og eventuell ny tomting inkl veg for framføring av hytta i Baklia er anslått til under kr 200 000,- (den planlegges satt på stabbestein – ingen støpt grunnmur).

Administrasjonen har sett på ny plassering, og foreslår denne sett opp ved Liseth i Baklia. Den er då lett tilgjengeleg med bil. Dette er ein god plassering både som fjelloppsynshytte samt som evt utleige når den ikkje er i bruk av fjellstyret/oppsynet. Baklia er eit område som ligg i ytterkanten av allmenninga, ca i enden av adkomstvegen i området.

Den ligg derfor strategisk til for både sumar og vinteroppsyn. I tillegg er tenkt tomt plassert inntil nytta båtlagingsplass med mykje trafikk, som muleggjer oppsynet på ein enkel og rasjonell måte. Den ligg då og lett tilgjengeleg for dei som evt ynskjer å leige denne når den er ledig, med nærleik til både vant og flotte fjellturar.


Føreslegen tomt er følgjande:



Det er blanda bruk i området med nokre stolar og hytter, samt at det ligg eit hytte-naust nedenfor føreslegen plassering.

Føreslegen plassering vil i minimal grad verke sjenerande etter administrasjonen sitt skjønn, då den i praksis ikkje tek nokon sin utsikt, og det er såpass vegetasjon mellom ny tomt og nærliggande støl at dette verker dempane.

Oversiktskart for ny tomt:



Framlegg til vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til å gå vidare med planer om ny fjellstyrehytte i Baklia. Ein ber administrasjonen fremje søknad for Statskog/kommunen for å realisere dette prosjektet.

Vedtak:

Vestre Slidre fjellstyre er positive til å gå vidare med planer om ny fjellstyrehytte i Baklia. Ein ber administrasjonen fremje søknad for Statskog/kommunen for å realisere dette prosjektet.

Vedtaket er samrøystes.

Tilråding/ positiv uttale til administrasjonen frå fjellstyret er ikkje enkeltvedtak jf. forvaltningsloven og det er derfor ikkje klagerett over vedtaket.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.06.2022

Kenneth Monsen
sekretær

Utskrift: